


# Kyrkjelydsblad for Arna



NR. 4

MAI 1983

16. ÅRG.

## KONFIRMASJON



Konfirmasjon Trengereid 1982. Foto: Reimers.

Frå sola stig og strålar i svale  
morgonvind  
og til ho etter målar sin avdagseld  
på tind,  
Gud Fader retter hender utover  
jorda all,  
og full av miskunn sender han oss  
sitt nädekall.

Han talar og han kallar frå livsens  
morgenstund  
til det mot kvelden hallar, til trøytt  
du fell i blund.  
Hans tolmod og hans nåde skal føl-  
gje deg kvar dag!  
Lat han i livet råde til siste ande-  
drag!

Ola Rudvin

**KONFIRMASJON 8. OG 12. MAI**

## BILLETEN

«Ei påske utan sol og snø er inga verkeleg påske», tilhøyrarane nikkar samde. «Vi hadde ei nydeleg påske på hytta i år, det var verkeleg verd alt strevet og kostnadene med kjøp av skiuutstyr, klær og billettar.» «Vi har tenkt å ordne billettar til sommarferien, då skal vi til Sørlandet — til Nord-Norge — til Syden. Reiselysta er stor, og for å vera sikra billett må vi ordne det så lang tid på førehand.

«Hvor er billetten, — hvor skal du reise —, song yngste røster. Billetten til kvar? Jau, til himmelen.

Har vi i alt kavet gløymt at den viktigaste billetten i vårt liv vart kjøpt i påska? Den er betalt.

Han som ropa frå krossen: «Det er fullført», betalte den billetten. Her i livet vert vi alle sette på val.

To røvarar var ferdige med reisa her på jorda og var på veg mot ukjent mål. Jesus vart hengd på ein kross mellom dei. Då er det den eine fekk eit glimt av himmelriket der, og lengten vart til ei bøn, «Kom meg i hug når du kjem i ditt rike». Ein lengt, ei tru og himmelriket vart hans.

Vi kan alle få del i dette riket, for Kristus seier «Den som kjem til meg skal eg så visst ikkje visa bort».

Nils Kåre Olsen

### I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Til konfirmantlærarane

*Ein takk til dykk som år etter år midt i denne viktige tenesta står. Som konfirmantlærarar krefter og tid de gir, mange gonger slitne og trøytte de nok blir.*

*Ikkje alltid så mykje takk de får, frå desse unge som i blomstringstida står.*

*Men me som er foreldre takksame er, fordi de så tolmodige og trufaste er.*

*Må Gud gi vokster til såkorn som er sådd, må Han la det spira som til hjarto er nådd.*

*Herren gjev frukt og Herren gjev løn, Må Gud signa dykk rikt, det er vår bøn.*

Helsing ei konfirmant-mor



### Landsstyrebesøk fra Santalmisjonen

Landsstyret i Den norske Santalmisjonen skal delta på gudstjenester i Bergensdistriktet Kristi Himmelfartsdag, 12. mai. På denne misjonsdagen vil Landsstyret spesielt markere byggingen av det nye «Gå-Ut-Senteret» i Hurdal, som skal bli Santalmisjonens nye misjonsskole.

Fra Landsstyret kommer Thor Haug til Ytre Arna kirke.

Thor Haug er nestformann i Landsstyret og byggeleder for arbeidet med det nye misjonssenteret i Hurdal.

## Kyrkjemusikk i Arna

### Fin konsert i Arna kyrkje

Søndag 20. mars, Maria bodskapsdag, inviterte Arna kyrkjekor til konsert i kyrkja. Hovednummeret i konserten var «Magnificat» (Marias Lovsang) av Dietrich Buxtehude, eit verk som er skrive nett med tanke på denne søndagen i kyrkjeåret. Kyrkjekoret hadde lagt net eit større arbeid for å framføre dette heller krevande verket, og dei kom svært godt frå oppgåva. Vi vil gratulere kyrkjekoret og organist Vidar Vikøren med denne fine framføringa og vonar at det ikkje vert lenge før dei tar fatt på liknande oppgåver.

Koret hadde god assistanse av Asbjørn Rivenes og Jan Arvid Rivenes (fiolin) og Kristen Øgaard (cembalo) under framføringa.

Bjørg Schieve song to arier frå oratoriet Messias og oratoriet Judas Maccabeus og Vidar Vikøren spea Tocata og fuge i d-moll av J. S. Bach. Sokneprest Øy hadde ei kort andakt og liturgisk avslutning av konserten.

### To konsertar i Ytre Arna kyrkje

Ytre Arna kyrkje har hatt 2 fine konsertar i det siste. Ved begge konsertane var det mest fullsett kyrkje. 20. mars var Tertnes skoles strykeorkester og Kirkvoll skoles barnekor på besøk. Saman med dei 3 kora i Ytre Arna kyrkje hadde dei eit variert og godt pro-

### «Stort orgeltaalent»

Overskrifta er henta frå Haugesunds Avis 11.04.83 der avisa anmelder ein orgelkonsert i Rossabø kyrkje. Den fine omtalen gjeld organisten i Arna kyrkje, Vidar Vikøren, som hadde ein orgelkonsert i Haugesund.

Fra avisas omtale tek vi med dette: «Ein ung organist fra Vik i Sogn imponerte stort i Rossabø kirke i går kveld. Vidar Vikøren vil nok finne sin plass blant våre fremste konsertorganister. Han er nådd svært langt såvel musikalsk som teknisk, og han besidder en velgjørende ro og det store overblikk.... Det var som nevnt en fin-fin orgelkonsert, og vi ser med spenning frem til debuten som antaeglig finner sted neste år.»

### HEILE KYRKJELYDEN SYNG

Sundag 1. mai samlast vi til «Heile kyrkjelyden syng» i Arna kyrkje kl. 19.00. Arna kyrkjekor, Ytre Arna barnekor m.fl. medverkar.

gram.

Sundag 10. april var det Arne Musikforening som skipa til kyrkjekonsert. Dei hadde med Fana Mannskor og organist Sigmund Skage i tillegg til at dei sjølv hadde ein del av programmet. Også det var ein fin konsert.

# Konfirmantar i Arna kyrkje

## 8. mai kl. 10.00

Benevoli, William  
Dolvik, Øyvind  
Fadnes, Bjarte  
Hauge, Bård  
Helle, Svein Ove  
Henriksen, Frode  
Holm, Kjetil  
Jensen, Bård Erling  
Kjeseth, Gunnar  
Konglevoll, Øyvind  
Litangen, Eirik  
Ludvigsen, Dag Marteng  
Nesse, Kurt Arne  
Nordal, Harald Johan  
Olsen, Espen  
Skjelanger, Jan Erik  
Thunestvedt, Morten  
Torkildsen, Dag Karsten Vedeler  
Toska, Tor  
Veland, Tore  
Veseth, Ole Morten  
Widding, Anders Torbjørn  
Åsvang, Kurt Arild  
Børdal, Elisabeth

Hasti, Laila Margrete  
Haukeland, Britt Kristin  
Iversen, Marit Helen  
Mjelde, Randi  
Mjeldheim, Merethe  
Njaastad, Sissel  
Nygård, Grete  
Oppedal, Else Torill  
Prestun, Linda  
Solberg, Benthe Elin  
Stølås, Randi  
Torvund, Jannicke

## 8. mai kl. 12.15

Andersen, Torbjørn  
Bruvoll, Yngve  
Bysheim, Ole Johan  
Fagertveit, Bjørn Olav  
Frønsdal, Trond  
Halland, Roy Ove  
Hauge, Arne  
Knutsen, Kjetil  
Langseth, Bjørn Andreas  
Listøl, Frank  
Lohne, Gunnar  
Myrdal, Kjetil  
Reknes, Jan Erik  
Ringheim, Jan Tore  
Rolland, Morten  
Rygg, Christian  
Rødbotten, Ørjan  
Røe, Trond Øyvind  
Sunde, Terje  
Såtendal, Svein Erik  
Amland, Kristi  
Bakken, Britt  
Bugge, Hege Beate  
Hammer, Torun  
Hansen, Kari Birgitte  
Hauge, Irene  
Hauge, Nora  
Hillestad, Vibeke

Haarstad, Synnøve  
Krossvoll, Grethe  
Mjelde, Irene  
Nordanger, Kjersti  
Nybo, Elise  
Olsen, Elisabeth Martha  
Reknes, Marianne  
Sandnes, Hilde  
Skagen, Siri Iren  
Stue, Kari  
Thorsvik, Anita  
Tunes, Gro  
Zinke, Elin  
Ueland, Lillian  
(Varhaug krk.)

## 12. mai kl. 10.00

Brattetveit, Ørjan  
Eide, Håkon  
Hartveit, Torbjørn  
Hauge, Trond  
Herfindal, Gerhard  
Hermansen, Reidar  
Iversen, Helge Magnar  
Johnsen, Geir  
Killi, Ivar  
Kleivane, Arild  
Minde, Bør Åge  
Rosvold, Nils Ottar  
Steine, Ingvar  
Sælen, Kjetil  
Taule, Sjur Ole  
Voldssund, Kåre Bjørn  
Eide, Irene Roseth  
Engelsen, Elisabeth  
Espe, Ingjerd  
Fjæreide, Marianne  
Garnes, Anne Berit  
Garnes, Margrete  
Garnes, Randi  
Gjellesvik, Veslemøy  
Haukeland, Eli Karin  
Håøy, Liv Berit  
Johansen, Hege  
Kristoffersen, Aud Chatrin  
Kvandal  
Kvalvaag, Hilde Kristin  
Kvinge, Berit  
Lohne, Anita

Låstad, Mona  
Magnussen, Tove  
Minde, Grethe  
Misje, Merete  
Natås, Kjersti  
Njøten, Bente  
Oldervoll, Anita  
Reigstad, Eli Karin  
Rådmannsøy, Siri  
Smistad, Tone Christine  
Sørlid, Elin  
Torgilstveit, Hanne Marie  
Tveit, Irene  
Tveit, Karin  
Vambheim, Sidsel  
Ytrearne, Marianne

## 12. mai kl. 12.15

Bolstad, Bård Jørn  
Børve, Vidar  
Dolvik, Nils Magnar  
Førland, Åge  
Gjerstad, Stein  
Gudmundsen, Roald  
Iversen, Kurt Frantzen  
Jacobsen, Vidar  
Midttun, Jan Otto  
Oen, Steinar  
Selvik, Bjørn  
Tangen, Morten  
Tonning, Karsten  
Unneland, Jørn  
Vikne, John Helge  
Villanger, Bjørn  
Øgaard, Kåre Johan  
Aasheim, Arne Myklebust  
Bjørgås, Monica Sofie  
Christiansen, Sanna Beate  
Christophersen, Irene  
Drageide, Hilde  
Espenvoll, Grethe  
Haglund, Marianne  
Haug, Monica  
Heimvik, Anne Kristin  
Helland, Lise  
Hordvik, Gro Merete  
Høysæter, Anne Britt  
Johansen, Linda  
Klaussen, Nina Beate  
Kvalø, Grete Synnøve Endresen  
Lekven, Siv

Ljones, Åslaug  
Løvskar, Gro Merete  
Mjøs, Mona  
Myking, Gro  
Mæstad, Irene  
Nesse, Aina  
Norheim, Torill  
Nytveit, Renate  
Olsen, Linda Merethe  
Olsen, Trude Christin  
Opheim, Monica  
Samuelsen, Siri  
Stiansen, Unni Therese  
Strandenes, Marianne  
Valland, Linda Iren  
Wetås, Bente

# Konfirmantar i Ytre Arna kyrkje

## 8. mai kl. 10.00

Bratli, Kåre  
Lerøen, Jarle  
Mjelde, Frode Jarle  
Nævdal, Sindre  
Rivenes, Gunnar  
Rivenes, Magne  
Skjelvan, Ketil Ola  
Slettemark, Stein Are  
Strømme, Morten Kalsås  
Birkeland, Ane Monica  
Haugland, Irene Berge  
Haugsvær, Hege  
Hinna, Henriette  
Ibsen, Margrethe Wittendorff

## 8. mai kl. 12.00

Bertelsen, Raymond  
Gaupås, Ole Johnny  
Guttormsen, Bjørn Jacob  
Haugland, Alf Håkon  
Haugland, Rune  
Havre, Roy  
Henriksen, Greger  
Loftås, Ronald  
Mikkelsen, Wilhelm Øyvind  
Nesse, Geir Ove  
Nytveit, Terje  
Sagstad, Egil Steinar  
Steineste, Raymond  
Aasgaard, Ragnar  
Andersen, Anita  
Bergesen, Turid  
Blomdal, Janne Iren  
Dybsland, Jannike Irene  
Flæsland, Mona  
Fonn, Inger Lise  
Petersen, Merete  
Romslo, Elin Johanne  
Schønning, Grethe  
Sæle, Vibeke  
Torvund, Ellinor  
Vetås, Sølv

## Kjære konfirmantar

Vi ynskjer dykk og heimane dykkar Guds signing over konfirmasjonsdagen og takkar for samvera vi har hatt saman i konfirmasjonstida.

*Legg din veg i Herrens hand og lit på han så skal han gripa inn. Salme 37.5.*

Målfrid Sandvik      Harald Haugsvær  
Øyvind Øy      Harald Sundsbø

## BARNESIDE

*Hei!*

Har du tenkt over - at det er bare du som er deg? At ingen i hele verden er akkurat lik deg? At du ganske enkelt er **enestående**? Ingen har akkurat maken til ansiktet ditt eller kroppen din, og ingen andre enn du har akkurat slike evner og egenskaper som du har. Selv twillinger som er født like, kan bli nok så forskjellige etterhvert. Tenk for en oppfinnsomhet Gud må ha!

Likevel - og det er nesten enda mer fantastisk: Bibelen sier at alle mennesker - enda så ulike vi er - er skapt i Guds bilde. Mamma sier at det betyr at vi er skapt til å ligne Gud, og til å leve sammen med Gud. Og akkurat det gjør menneskene til noe spesielt, sier mamma.

**I Guds bilde** - det høres sannelig fint og spennende ut. Jeg skjønner det visst ikke ordentlig, men jeg vil prøve å finne ut mer om det etterhvert.


Vil ikke du også?

Hilsen Trunse.

Klarer du denne rebusen?



Fra barnebladet «Nye Glimt».



### VANNRETT:


1. Ikke du men...
4. Får vi av sau'en
7. Finner vi i hønsehuset
8. Tall
9. Med øynene
10. Preposisjon
11. Husdyr h...
13. Tall
15. Om vinteren
16. Stjeler

### LODDRETT:

1. Verdens Frelser
2. Sta
3. To like
4. Ikke inn
5. Lars Reidar Andersen
6. Er til
12. Hva måtte Jesus
13. To like
14. Roald Amundsen

## BARNESIDE

### Troner og kroner



I Bibelen står det mye om troner og kroner, slik som konger har. På bildet her har hver krone sitt tall og sin bokstav. Klarer du å svare på spørsmålene ut fra dette? Kanskje du også får noen voksne til å hjelpe deg å lese bibelordene som står i parantes.

Hva er Guds trone?

13 6 8 8 2 9 2 5  
(Jes. 66.1)

Hvor lenge vil Gud beholde sin trone?

1 6 9 2 10 6 14 1 6 3  
(Hebr. 1.8)

Hva slags krone hadde Jesus da han ble korsfestet?

1 7 12 5 2 4 12 7 5 2  
(Johs. 19.5)

Hva slags krone vil Gud gi til dem som tror på Jesus?

9 6 10 2 1 11 4 12 7 5 2  
(Jak. 1.12)

## FOTSPORA

Draumen stod lys levande for meg då eg vakna:

Dagen var solfylt, sjøen blå og stille, sanda på den lange stranda var mjuk og varm, der Gud og eg vandra side om side. Brått for eg sjå liksom scenebilete frå livet mitt - hendingar og episodar med både gode og vonde dagar. Ved kvart biletet var der to sett med fotspor i sanda, eit var mine, det andre var Guds.

Då den siste scena viste seg, såg eg attende på spora i sanda og oppdaga då at mange gonger i livet mitt var der berre eitt sett av spor. Eg oppdaga vidare at det var i dei tidene av livet mitt då eg var lengst nede, då eg såg berre for-

tviling og mørke, då sorg og smerte banka på.

Med forskrekking spør eg: «Herre, då eg valte å følgje deg, sa du at du **alltid** ville gå ved sida mi. No ser eg at i dei aller vanskelegaste tidene mine er der berre eitt spor - eg skjønar ikkje at du ville forlate meg då eg trengte deg mest?»

Herren snur seg, ser på meg med milde auge: «Mitt kjære, kjære barn, eg elskar deg med ein evig, uforanderleg kjærleik og vil aldri gå frå deg. I dine vanskelegare tider, då fortviling, sorg og lidingar heimsøkte deg, då du ser berre eitt spor i sanda, barnet mitt, det var då eg bar deg!»

Ukjent engelsk forfatter

## Barnekoret på tur

Kyrkje- og barnekoret i Ytre Arna er innmeldt i Bjørgvin Kyrkjesongsamband. Kyrkjesongsambandet arrangerar årleg ulike samlingar for kora, og i år skal barnekoret i Ytre Arna til Rosen-

dal 29. mai for å vera med på konserter.

Mange kor skal vera med på konserten, og ein tur til Rosendal på den årstida skulle vera ei oppleving i seg sjølv.

## Møte

### Arna bedehus

6/5: Kl. 19.30 møte for «Sambåndet» v/Gunnar Harila.  
17/5: Kl. 18.00 Fest. Tale v/rektor Harry Wiig Andersen.

Kl. 21.30: Ungdomstrekk.

### Haugland bedehus

12/5: Venestemne for Arna ved Nordhordland Indremisjon kl. 16.00. Bjarne Kvam og Gunvor Fyllingsnes vert med.  
17/5: Fest. Tale v/Alfred Helland.

### Ytre Arna bedehus

1/5: Møte for Norsk Kristen Muslimmisjon kl. 19.00.  
17/5: Fest kl. 19.00.

### Betania, Lone

29/5: Yngres-stevne, møte kl. 11.00 og 15.00.

## KYRKJELYDSVEKA I ARNA




Rune Larsen song ein god del aleine, men litt hjelp fekk han, her av dottera Tonje.



Indre Arna barnerøyster og Garnes barnerøyster hadde slege seg saman ved dette høvet. Vel 60 var dei i alt, og det var imponerande volum i kora då dei song.

# Gudsteneste for døve og høyrande



Sundag 10. april var det familie-gudstenesta i Arna kyrkje ved dø-vepresten på Vestlandet, Asgeir Straume. Han er sjølv arnabuar busett i Londalen.

Gudstenesta var ei integrert gudstenesta for både høyrande og døve. Ved slike gudstenester må ein gjera nokre små endringar i høve til det som er vanleg ordning for høgmassa. Dessutan må det som vert sagt, vera på bokmål.

I samtal med Kyrkjelydsbladet fortel døvepresten at dette med å ha integrerte gudstenester er noko han satsar mykje på. På den måten er ein med å byggja ei bru mel-

lom høyrande og døve. Kvar 14. dag har han gudstenesta i døvekyrkja i Bergen, men dei andre sundagane prøver han å ha integrerte gudstenester så langt han rekk: frå Ålesund i nord til Sunnhordland i sør. Han er prest for dei døve i heile Bjørgvin bispedømme, og der det er døve, han han også slike gudstenester. Det er andre gongen det er slik gudstenesta i Arna kyrkje.

I Arna er det vel 10 døve. Men til gudstenesta i kyrkja denne sunndagn kom det døve også frå Øystese, Vaksdal, Fana, Åsane og Bergen sentrum. Etter gudstenesta samlast dei døve og familiene dei ra til «Kyrkjekaffi» heime hjå døvepresten, og der var dei rundt 60 med store og små.

Å ha slike integrerte gudstenester opplever eg som svært meiningsfullt, seier døvepresten vidare. Der kommuniserar ein ikkje berre med høyselen, men teiknspråket tek i bruk eit vidare regis- ter.

Då kyrkjebladet snakka med han, kom han nett tilbake frå konfirmantleir for døve i Meråker. Der hadde 12 døve konfirmantar vore saman med 2 døveprestar i nokre dagar. Desse kom frå Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Ein del av desse skal konfirmerast i døvekyrkja i Trondheim, medan nokre skal konfirmerast saman med høyrande konfirmantar på heimstaden sin. Sjølv skal han vera med som tolk under konfirmasjonsgudstenesta i Ålesund.

## G L I M T F R Å K Y R K J E L Y D S S K U L E N

I forrige nummer av Kyrkjelydsbladet vart det kunngjort at Kyrkjelydsskulen skulle ha kurs for eldre. Kurset er starta opp i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna med vel førti deltakarar frå heile Arna. Desse glimta frå kaffipausen første kvelden skulle også visa at deltagarane finn seg vel til rette.



Styret: frå v. Målfrid Sandvik, Eli Mohn, Eirik Fjørtoft og Kristin Sundsbo.

# Familieside

## DØYPTE

### Arna sokn:

5/3: Keth Janne Beckstrøm, Lene Beckstrøm, døypt i Åland krk.

13/3: Marita Skulstad. Døypt i Trengereid Kapell.

20/3: Hanne Erdal Eriksen. Døypt i Birkeland krk.

20/3: Odd Magnus Kjølen, Øystein Minde, Per Christian Vie.

26/3: Veronica Dyrseth Herland, døypt i Åland krk.

27/3: Eirik Blomdal.

### Ytre Arna sokn:

20/3: Arild Kvamme.

3/4: Erik Reigstad Hofseth.

10/4: Thomas Hopen.

### Vigde:

### Arna Sokn:

12/3: Jan Kåre Norekvål og Thordis Elisabeth Hauge.

12/3: Svein Helge Romarheim og May Lisbeth Herland.

12/3: Sigmund Ove Kvamme og Sonja Solen. Vigde i Manger kirke.

8/4: Jarle Olsen og Irene Listøl.

### Døde:

### Arna sokn:

19/2: Ragnhild Ramsdal f. 1902.

8/3: Håkon Lerø, f. 1896.

26/3: Reidar Verlo, f. 1919.

28/3: Herborg Elisabeth Røkenes, f. 1919.

### Ytre Arna sokn:

9/3: Olga Vatle, f. 1915.

9/3: Sigfred Aasgaard, f. 1908.

19/3: Steinar Mikkelsen, f. 1946.

24/3: Anna Dorthea Lien, f. 1896.

27/3: Oddny Loftesnes, f. 1916.

## Ofringane i kyrkjelydane

### ARNA:

27/2: Modum Bad kr. 1785,-

6/3: Kirkens SOS kr. 1174,-

13/3: Kyrkjelydsarb. kr. 1034,-

20/3: Santalmisj. kr. 3005,-

27/3: Menigh.fak. kr. 1065,-

3/4: D.N. Sjøm.misj. kr. 2914,-

4/4: Kyrkjel.arb. kr. 360,-

10/4: Kyrkjel.huset kr. 2077,-

### YTRE ARNA:

6/3: Misjon bak jernt. kr. 1035,-

20/3: D.N. Santalm. kr. 665,-

3/4: D.N. Sjøm.misj. kr. 1033,-

10/4: D.N. Israelm. kr. 927,-

### TRENGEREID:

13/2: Santalmisj. kr. 467,-

31/3: Kirkens Nødhj./

Fastebøsser kr. 1387,-

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Tor Horntvedt, Harald Sundsbø.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Presten  
har  
ordet



ØYVIND ØY

## Konfirmasjon avslutning?

Dei fleste ser ein samanheng mellom dåp og konfirmasjon og konfirmasjon er avslutning på ein periode i livet som starta med dåpen. Men konfirmasjon er ikkje avslutning i den tydning at der ikkje er noko framhald. Der som konfirmasjonen ikkje får eit framhald, misser han si meiningskonfirmasjonsgudstenesta som forbønsgudstenesta peikar framover med bøn om at dei unge må få hjelp å leve som kristne.

Konfirmasjonen kjem på ei vanskeleg tid i den unge sitt liv. Mange seier at vi burde hatt konfirmasjon tidlegare eller seinare i dei unge sitt liv, og det er gode grunnar som kan tale for det. Samstundes ser vi det verdi fulle i å møte dei unge nett i ei tid som er så avgjerande for kurset dei kjem til å halde i livet.

Vi som har ansvaret for konfirmanttida, kjenner at vi ikkje maktar å gje dei mange unge det vi ser dei treng i tida som ligg framfor. Vi merkar og at mange unge synest å ha opplevd tida mellom dåp og konfirmasjon lite meiningsfylt i høve til kristen tru. Det er og fleire andre grun-

nar som gjer at konfirmasjon for mange synest å verte avslutning utan framhald.

No er det ikkje vår sak å døme om resultatet og det er ofte ikkje den som sår, som får hauste fruktene. Men vi veit at ei retteleg meiningsfylt framhald av konfirmasjonen får berre den som møter Jesus som sin Herre og Frelsar. Vi har ei lang liste av viktige spørsmål som dei unge har bruk for å finne svar på, men spørsmålet om rett tru på Jesus, er det viktigaste av dei alle.

Når vi samlast til konfirmasjon ber vi for konfirmantane våre:

*«Evige Gud, himmelske Far, vi takkar deg for at du i den heilage dåpen tok desse konfirmantane inn i ditt rike. Vi ber deg, hald dei fast i trua, så dei aldri vendar seg bort frå deg, men gjennom heile livet lærer Son din, Jesus Kristus, betre å kjenne».*

Det opnar for konfirmasjon med framhald.

Øyvind Øy.

## Godt naboskap

En mann skulle sette opp et nytt gjerde rundt gården sin. Na boen trøppet opp. Det gamle gjerdet sto en halv meter inne på hans mark, erklærte han barskt. Da målesnoren kom opp, holdt han på å miste pusten av forbauelse. «Men, men — det er jo en hel meter inne på Deres eiendom det!» utbrøt han. «Ja», svarte den andre, «jeg mister heller en meter jord rundt eiendommen enn jeg mister det gode naboforholdet.»

# Kyrkje-nytti ARNA



## ARNA

**Aksjon for sundagsskulen.** Arna sokneråd har fått brev fra Norges sondagsskuleforbund om å vera med på ein aksjon for sundagsskulen. Soknerådet ville gjerne det, og gjorde på møte vedtak om å ta kontakt med Arna sundagsskulelag med spørsmål om ein saman kan gjera ein innsats for sundagsskulen hausten 1983.

**Lutherjubileum 1983.** I 1983 er det 500 år sidan Martin Luther vart fødd. Jubiléet vert markert ved gudsteneste 13.11. og ein vil også laga meir program i tilknyting til den helga. Det var nemnt at Kyrkjelydsskulen kunne gje tilbod om eit kurs i samband med jubiléet og at kyrkjekoret kanskje kunne framføra salmar av Luther ved ein konsert den dagen.

**Jubiléum for dagheimen.** Arna kyrkjelyd sin dagheim vert 10 år til hausten. Ein har oppnemnt ein komité til å førebu jubiléumsfeiring.

**Konfirmasjon.** I samband med dei 4 konfirmasjonsgudstestene i kyrkja, er det ei rekke praktiske oppgåver som må gjerast. Soknerådet er engasjert i dette og har fordelt oppgåvene.

**Kunngjering.** Soknerådet drøfta også kunngjeringa av arrangement i kyrkjelyden. Ein var

samdi i at meir kunne gjerast for å gjera arrangementa kjent og vil koma attende til det seinare.

## YTRE ARNA

**Høyreanlegg.** Som nemnt før er høyreanlegget no til godkjennning i Bergen kommune. Kommunen har sendt saka over til eit konsulentfirma for at dei skal vurdera det. Før konsulentfirmaet har kome med si uttaling og vore og sett på kyrkjerommet, kan ein ikkje kjøpa inn anlegget. Konsulentfirmaet heldt til i Moss, så turen til Ytre Arna kyrkje må kombinerast med andre oppdrag i Bergen. Men vi vonar at det ikkje tek så lang tid før det kan ordnast. Soknerådet har fått oversendt budsjettet for Kirkeseksjonen i Bergen kommune. Der er det dette året ikkje løvt noko til høyreanlegg i kyrkjene. Det vil seia at det vil ta meir tid enn ein rekna med før ein kan venta å få noko tilskot til høyreanlegg frå kommunen. Om det vert plass til midlar for høyreanlegg i kyrkjene på kommunebudsjetta i ára som kjem, er vel også uvisst.

Innsamlinga held fram og er no kome opp i litt over 10.000. Sidan sist har vi m.a. fått ei gave frå Ytre Arna Sanitetsforening på kr. 2.500. Bankkontoen er framleis 3633.51.16954 med adresse Ytre Arna sokneråd, høyreanlegg.

**Kyrkjelydshuset.** Soknerådet hadde i 1982 eit driftsunderskot for Kyrkjelydshuset på kr. 10.647,-. Dei største utgiftene er renter og avdrag på lån og kommunale avgifter. Med basar og auka leigeinntekter for prestekontor og konfirmantundervisning vonar ein resultatet vert noko betre dette året.

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna

## ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bissettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyper. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN VEST

AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



Aut. bilverksted  
Aut. dekk-forhandler

GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår  
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har laveste  
pris, og det De kjøper her kan De  
få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje-  
de av elektriske forretninger  
EL-KJØP

# Velkommen til kyrkje



- 8/5 Arna kl. 10.00. Sokneprest Øy. Konfirmasjon.  
Offer til kyrkjelydarbeidet.  
Arna kl. 12.15 Sokneprest Øy. Konfirmasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 10.00. Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 12.00. Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
- 12/5 Arna kl. 10.00. Sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
Arna kl. 12.15. Sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 11.00. Arve Brunvoll og Thor Haug. Nattverd. Offer til Kvite Band.
- 15/5 Arna kl. 11.00: Prost Konrad Stormark. Nattverd. Offer til Kristelig Kringkastingslag. Sundagsskule.
- 17/5 Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Arna Søndagsskulelag.  
Ytre Arna kl. 10.00. Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste.  
Trengereid kl. 11.30. Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til Arna Søndagsskulelag.
- 22/5 Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Offer til Nordhordland Indremisjon.  
Ytre Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Nordhordland Indremisjon.
- 23/5 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til kyrkjelydshuset.  
Trengereid kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- 29/5 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Offer til Dronning Mauds Minne. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.  
Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste. Nattverd.  
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Kyrkjekaffi.
- 5/6 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarb. Sundagsskule.  
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Offer til kyrkjelydsarb.  
Takvam kl. 16.30. Res.kap. Sundsbø.

## ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jebsensv. 39:

Tlf. 24 23 03.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

Frist for innlevering av stoff til nr. 5: 15. mai.